



Opplæringsloveutvalget

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Oppmoding om å vurdere plikt for skolar til å utarbeide individuell plan

Innspel til opplæringslovutvalet – om plikt til å utarbeide individuell plan også for skolen Fylkesmannen i Rogaland meiner det må vurderast om det også bør vere ei plikt etter opplæringslova til å utarbeide individuell plan (IP).

Plikta til å utarbeide IP er i dag heimla i helselovgivinga (helse- og omsorgstenestelova § 7-1, spesialisthelsetenestelova § 2-5, pasient- og brukarrettslova § 2-5, psykisk helsevernlova § 4-1, barnevernlova § 3-2a, arbeids- og velferdsforvaltningslova § 15 og sosialtenestelova § 28).

Det vart ved behandlinga av prop. 129L (2012-13) i 2013 innført ei plikt for skolane til å delta i arbeidet med IP, jf § 15-5 i opplæringslova. I drøftinga i proposisjonen blir det mellom anna vist til at *arbeidet med IP ikke har fått tilstrekkelig fotfeste i kommunen*. Fylkesmannen i Rogaland trur at det framleis er slik og ser behovet for å skjerpe lovverket på dette området. Vi meiner derfor at plikta må utvidast også til oppvekstsektoren. Når så skolen initierer slik utarbeiding, bør andre etatar ha plikt til å delta i samarbeidet om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i individuell plan, tilsvarende slik plikt i opplæringslova i dag.

Regjeringa si satsing i 0-24 samarbeidet krev ulike og samtidige tiltak frå både oppvekst- og helsesektoren. IP er i dag ei lovpålagd plikt som etter vårt syn i for liten grad blir brukt for barn og unge som får ulike utfordringar gjennom oppveksten. Å gi skolen ei plikt til å utarbeide IP vil styrkje samhandlinga i kommunane, og det vil igjen gi betre grunnlag for å nå måla i 0-24-satsinga.

Forskning har dokumentert eit solid kunnskapsgrunnlag knytt til fire område for elevar som blir mobba i skolen. Mobba elevar er særleg utsette for emosjonelle problem, dei kan få psykosomatiske plager, dei kan ha låg sjølvtilitt og det er sterk samheng mellom mobbing og sjølv mordstankar. I tillegg er mobbing knytt til andre alvorlege tilstandar som symptom på PTSD. Mobbarane er også ei utsett gruppe (Kjelde: Å bli utsatt for mobbing. RKBV Vest og Læringsmiljøsenderet. Breivik, K., Solberg, M. E., Bru, E., Hancock, C., Idsøe, E. C., Idsøe, T.)

Etter at Fylkesmannen vart handhevingsmynde for skolemiljøsaker frå august 2017 ser vi at i om lag 2/3 av sakene vi har hatt til behandling, har elevane også vedtak om spesialundervisning (eller burde hatt det). I mange saker er også BUP, barnevern eller helsesøster involverte. Det er all grunn til å tru at i fleire av desse sakene vil elevane ha behov for langvarige og koordinerte tenester. Det er berre unntaksvis at desse elevane har individuell plan.

Alle barn som slit er på skolen. Dette er også den beste plassen for å vere. Skolane avdekkjer utfordringar for mange av desse barna lenge før helsesektoren er kobla inn. Skolane opplever ofte at

det er krevjande å involvere helsetenesta i kommunen. Helsesøster er ulikt til stades på skolane. For å kome i kontakt med BUP, må foreldra eller barnet sjølv sørge for å få tilvising frå fastlege. For å få barnevernet på banen, må skolen sende bekymringsmelding, noko som gjerne fører til eit anstrengt forhold mellom skole og foreldre.

Etter vårt syn vil skolen/oppvekstavdelinga i kommunen, eventuelt PPT, ha like god evne til å vurdere om elevar treng IP som helsetenesta. Vi trur vidare at å utvide bruken av eit allereie lovfesta verkemiddel, vil vere ein god strategi for å hjelpe barna, at det vil vere til barnas beste og at det vil bidra til at vi i større grad når målet med 0-24 satsinga. Vi oppmodar med dette lovutvalet om å vurdere dette.

Med helsing

Hallgeir Bø
ass. direktør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Hallgeir Bø
Saksbehandlar telefon: 51568733
E-post: fmrohbo@fylkesmannen.no